



Rektor Vidar Haugland, her saman med dei som skal bli førsteklassingar frå hausten, ynskjer at Uskedalen skule skal få elevkantine frå då dei startar på skulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Hvis eit solid fleirtal av foreldra vil, kjem Uskedalen skule til å starta kantinedrift frå hausten, som den første barneskulen i Kvinnherad. Elevane vil etter planen få eit måltid mat i midttimen kvar dag (mellom 10.30 og 11.35) i grupper på 30 og til ein pris av maksimalt 25 kroner dagen. Det opplyser rektor Vidar Haugland til uskedalen.no
Torsdag sender han eit spørjeskjema til foreldre og føresette om framlegget.**

Skjemaet har tre alternativ som dei kan kryssa av på::

- Det er eit positivt tiltak og vi deltek
- Det er eit positivt tiltak, men vi vil ikkje delta
- Det er eit unødvendig tiltak og vi vil ikkje delta.

Rektor har så langt lufta kantineplanen i FAU og fått positiv respons.

Skjemaet skal returnerast til skulen innan fredag 15. juni.

- Hvis under halvparten av dei som svarar går inn for opplegget, ofrer vi ikkje meir tid og krefter på det, seier Haugland.

Opplegget går ellers ut på at elevane skal få brødmåltid (inkludert frukt) tre dagar i veka og eit varmt måltid to dagar i veka, truleg tirsdag og fredag.

- Hovedpoenget er at elevane skal få sunn og næringsrik mat, seier Haugland. Han viser til undersøkingar og er viss på at kantinetilbodet vil gje eit betre skuletilbod fordi rett kosthald og gode matvaner er sentrale for at elevane skal få eit best mogeleg fagleg utbytte av skuledagen.

Haugland har innhenta pristilbod frå to butikkar som viser at skulen kan ha dagleg kantine for alle elevane for ein maksimalpris på 500 kroner pr. måned. Men rektor har som mål å pressa prisen ned til 400 kroner eller ein

dagspris på 20 kroner. Vilkårer må vera at kvaliteten på tilbodet ikkje vert forringa.

Skuleleiinga har den personalmessige delen av opplegget klart. Ein av assistentane på skulen, Sara Arnesen, er utdanna kokk og har arbeidd ved Fjordhotellet i Rosendal i ei årrekke, Ho har vore med på prosjekteringa og har sagt seg viljug til å delta i den daglege tilretteleggjinga fram til 1. oktober saman med ein av assistentane. Ho vil også laga menylistar for ein til to veker slik at foreldra har kontinuerlig kjennskap til maten som vert servert. I tillegg vil dei truleg trekkja sjuandeklassingar med i opplegget som ein del av heimkunnskapsundervisninga.

Men dette blir også eit økonomisk løft – ikkje minst oppdatering av kjøkenet for å oppfylle hygienekrava og for å ha nok utstyr til å gje dei 90 elevane mat på ein time. Skulen vil ha behov for 50.000 kroner til dette føremålet og rektor håper å kunne skaffe summen så raskt at prosjektet får ein god start til hausten. Kommuneleiinga har stilt seg svært positivt til prosjektet. Haugland søker også fleire om tilskot – til dømes dei politiske partia, Uskedalen Utvikling og Hjørnevåg.

- Er dette eit mottiltak mot cola-kulturen, har uskedalen.no spurt rektor Haugland.
- Det er ikkje eit tiltak mot noe, men eit tiltak for å bidra til å gje dei unge gode og sunne matvanar tidleg i livet og for at dei skal få meir ut av skuledagen.

Av Ola Matti Mathisen